

3.KV. | 17

**STATENS
PENSJONSFOND
UTLAND**

**KVARTALSRAPPORT
/2017**

HOVUDPUNKT

Tal og fakta 3. kvartal 2017

3,2%

192 MRD. KR

Statens pensjonsfond utland fekk ei avkastning på **3,2** prosent, eller **192** milliardar kroner i tredje kvartal 2017.





**AKSJE-
INVESTERINGAR**

4,3 %



**RENTE-
INVESTERINGAR**

0,8 %



**UNOTERTE
EIGEDOMS-
INVESTERINGAR**

2,7 %

Avkastninga på aksjeinvesteringane til fondet var **4,3** prosent, mens renteinvesteringane fekk ei avkastning på **0,8** prosent. Investeringar i unotert eigedom fekk ei avkastning på **2,7** prosent.

Avkastninga på investeringane var **0,1** prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseindeksen som fondet blir målt mot.



7 952

MRD. KR

Ved utgangen av kvartalet var marknadsværdien av fondet **7 952** milliardar kroner. Fondet var investert med **65,9** prosent i aksjar, **31,6** prosent i rentepapir og **2,5** prosent i unotert eigedom.



**AKSJE-
INVESTERINGAR**

65,9 %



**RENTE-
INVESTERINGAR**

31,6 %



**UNOTERTE
EIGEDOMS-
INVESTERINGAR**

2,5 %

Innhald

1

INVESTERINGANE

Aksjeinvesteringane _____	6
Renteinvesteringane _____	9
Eigedomsinvesteringane _____	12

2

FORVALTNINGA

Forvaltninga _____	14
Risiko _____	15
Ansvarleg forvaltning _____	17

3

HOVUDTAL OG REKNESKAP

Hovudtal _____	19
Rekneskapsrapportering _____	22
Notar _____	27
Revisjonsmelding _____	49

WWW.NBIM.NO

Norges Bank Investment Management forvaltar Statens pensjonsfond utland. Oppdraget vårt er å vareta og utvikle finansielle verdier for framtidige generasjonar.

Investeringsane

AKSJEINVESTERINGANE


Aksjeinvesteringane, som utgjorde 65,9 prosent av fondet ved utgangen av kvartalet, fekk ei avkastning på 4,3 prosent. Avkastninga vart driven av gode makroøkonomiske nøkkeltal og selskap som rapporterte sterkare resultat enn venta. Generelt var dei globale aksjemarknadene prega av låg volatilitet, trass i politisk uvisse i kvartalet. Den amerikanske økonomien heldt fram å styrkje seg, og det var vidare fall i arbeidsløysa. I Europa vart konsumentane meir optimistiske og forbruket auka. Råvareprisane gjekk også opp i kvartalet. Det bidrog til god avkastning for selskap innanfor olje og gass, og materialselskap.

Sterkast avkastning i framveksande marknader

Nordamerikanske aksjar hadde ei avkastning på 3,4 prosent i kvartalet og stod for 38,2 prosent av aksjeinvesteringane til fondet. Avkastninga for aksjar noterte i USA, var 3,2 prosent, tilsvarande 4,6 prosent målt i lokal valuta. USA var den største enkeltmarknaden for fondet og stod for 35,9 prosent av aksjeinvesteringane.


Europeiske aksjar hadde ei avkastning på 5,5 prosent i kvartalet. Totalt var 37,0 prosent av aksjeinvesteringane til fondet plassert i europeiske selskap. Aksjar noterte i Storbritannia hadde ei avkastning på 4,9 prosent, tilsvarande 2,9 prosent målt i lokal valuta. Dette var den største europeiske marknaden for fondet, og

Figur 1 Kursutviklinga i ulike aksjesektorar i FTSE Global All Cap-indeksen. Målt i amerikanske dollar. Indeksert totalavkastning 31.12.2016 = 100



Kjelde: FTSE

Figur 2 Kursutviklinga i regionale aksjemarknader. Målt i amerikanske dollar, med unntak av Stoxx Europe 600, som er målt i euro. Indeksert totalavkastning 31.12.2016 = 100



Kjelde: Bloomberg

9,7 prosent av aksjeinvesteringane var plasserte her.

Aksjar i Asia og Oseania hadde ei avkastning på 3,7 prosent og utgjorde 21,8 prosent av aksjeinvesteringane til fondet. Avkastninga for japanske aksjar var 3,7 prosent, tilsvarende 5,3 prosent målt i lokal valuta. Japanske aksjar utgjorde 8,9 prosent av aksjeinvesteringane.

Aksjar i framveksande marknader hadde ei avkastning på 6,4 prosent i kvartalet. Til saman var 10,2 prosent av aksjeinvesteringane til fondet plassert i framveksande marknader. Den kinesiske aksjemarknaden fekk ei avkastning på 10,4 prosent. Totalt var 3,2 prosent av aksjeinvesteringane til fondet plasserte her.

Høgast avkastning for olje- og gasselskap

Olje- og gasselskap hadde den høgaste avkastninga i kvartalet med 8,7 prosent. Avkastninga var driven av høgare oljepris. Oljeprisoppgangen hang saman med auka etterspurnad etter olje, normalisering av globale oljelager, OPECs disiplin i å halde kuttavtalen og nedjustering av produksjonen av amerikansk skiferolje.

Materialselskap hadde ei avkastning på 8,4 prosent. Høgare prisar for metall og kjemikal bidrog til den sterke avkastninga i kvartalet. Prisoppgangen var driven av auka etterspurnad kombinert med forsyningsproblem.

Tabell 1 Avkastninga på fondets aksjeinvesteringar i tredje kvartal 2017. Fordelt etter sektor. Prosent

Sektor	Avkastning i internasjonal valuta	Del av aksjeinvesteringane ¹
Finans	4,4	24,2
Industri	5,1	14,4
Konsumvarer	3,8	13,4
Teknologi	6,5	10,8
Helse	1,4	10,1
Konsumtenester	1,1	9,7
Material	8,4	5,8
Olje og gass	8,7	5,5
Telekommunikasjon	1,2	2,9
Kraft- og vassforsyning	4,0	2,8

¹ Summerer seg ikkje til 100 prosent fordi kontantar og derivat ikkje er inkluderte.

Tabell 2 Fondets største aksjebeholdningar per 30. september 2017. Millionar kroner

Selskap	Land	Behaldning
Apple Inc	USA	59 074
Nestlé SA	Sveits	46 517
Royal Dutch Shell Plc	Storbritannia	43 831
Alphabet Inc	USA	42 645
Microsoft Corp	USA	40 403
Novartis AG	Sveits	36 314
Roche Holding AG	Sveits	33 906
HSBC Holdings Plc	Storbritannia	28 666
Amazon.com Inc	USA	28 313
Facebook Inc	USA	28 279

Teknologiselskap fekk ei avkastning på 6,5 prosent i kvartalet. Langsiktige trendar held fram å løfte forventningane om framtidig inntening, og dermed avkastninga i sektoren. Særleg halvleiarprodusentar bidrog til avkastninga som følgje av sterk etterspurnad og avgrensa tilbod av halvleiarar.

Selskap innanfor konsumtenester hadde den svakaste avkastninga i kvartalet med 1,1 prosent. Spesielt medieselskap hadde eit negativt bidrag grunna fallande reklameinntekter og aukande uro for korleis tradisjonell TV vil møte konkurransen frå nye alternativ.

Enkeltinvesteringar

Investeringa i oljeselskapet Royal Dutch Shell Plc bidrog mest positivt til avkastninga i tredje kvartal, følgt av investeringane i teknologiselskapa Tencent Holding Ltd og Apple Inc. Enkeltelskapa som bidrog mest negativt til avkastninga var konsumvareselskapet Nestlé SA, helseselskapet Teva Pharmaceutical Industries Ltd og industriselskapet General Electric Co.

Fondet deltok i totalt 45 børsnoteringar i kvartalet. Dei største børsnoteringane i marknaden der fondet kjøpte aksjar, var konsumvareselskapet Pirelli & C SpA, industriselskapet Landis+Gyr Group AG og teknologiselskapet Netlink NBN Trust. Dei største deltakingane frå fondet i børsnoteringar var i Pirelli & C SpA, Landis+Gyr Group AG og telekommunikasjonsselskapet Play Communications SA.

AVKASTNING MÅLT I INTERNASJONAL VALUTA

Fondet investerer i internasjonale verdipapir i utanlandsk valuta. Avkastninga på fondet blir primært målt i internasjonal valuta, det vil seie ei vekta samansetjing av valutaene i fondet sine referanseindeksar for aksjar og obligasjonar. Denne samansetjinga blir omtalt som valutakorga til fondet og bestod av 34 valutaer ved utgangen av tredje kvartal 2017. Om ikkje anna er oppgitt i teksten, er resultatmålinga gjort i valutakorga til fondet.

RENTEINVESTERINGANE

Renteinvesteringane utgjorde 31,6 prosent av fondet ved utgangen av tredje kvartal og fekk ei avkastning på 0,8 prosent. Det var små endringar i rentenivået i hovudmarknadene i kvartalet.

Høgast avkastning frå Euro-denominerte statsobligasjonar

Statsobligasjonar fekk ei avkastning på 0,6 prosent og utgjorde 54,9 prosent av renteinvesteringane til fondet ved utgangen av kvartalet.

Amerikanske statsobligasjonar fekk ei avkastning på -0,9 prosent. I lokal valuta var avkastninga 0,4 prosent. Amerikanske statsobligasjonar stod for 19,2 prosent av renteinvesteringane, og var den største beholdninga

av statsgjeld fondet hadde frå ein enkelt-utferdar. I tråd med forventningane i marknaden bestemte Federal Reserve seg for å redusere beholdninga av verdipapir på sentralbankbalansen frå og med oktober. Den amerikanske dollaren svekte seg noko mot valutakorga til fondet i kvartalet.

Euro-denominerte statsobligasjonar, som utgjorde 11,8 prosent av renteinvesteringane, fekk ei avkastning på 3,1 prosent. I lokal valuta var avkastninga 0,7 prosent. Økonomiske nøkkeltal i eurosonen har overraska positivt dette året, og euroen har styrkt seg mot valutakorga til fondet. Det var forventningar i marknaden om at den europeiske sentralbanken vil kunne redusere storleiken på kjøpsprogrammet sitt for obligasjonar neste år.

Tabell 3 Avkastninga på fondets renteinvesteringar i tredje kvartal 2017. Fordelt etter sektor. Prosent

Sektor	Avkastning i internasjonal valuta	Del av renteinvesteringane ¹
Statsobligasjonar ²	0,6	54,9
Statsrelaterte obligasjonar ²	1,3	12,7
Realrenteobligasjonar ²	0,3	5,1
Selskapsobligasjonar	0,9	25,1
Pantesikra obligasjonar	1,9	5,4

¹ Summerer seg ikkje til 100 prosent fordi kontantar og derivat ikkje er inkluderte.

² Nasjonale statar utferdar fleire typar obligasjonar, og desse blir grupperte i ulike kategoriar for fondets renteinvesteringar. Obligasjonar som er utferda av eit land i landets eigen valuta, blir klassifiserte som statsobligasjonar. Obligasjonar som er utferda av eit land i eit anna lands valuta, inngår i kategorien statsrelaterte obligasjonar. Realrenteobligasjonar som er utferda av eit land, inngår i kategorien realrenteobligasjonar.

Tabell 4 Fondets største obligasjonsbeholdningar per 30. september 2017. Millionar kroner

Utferdar	Land	Behaldning
Amerikanske stat	USA	569 729
Japanske stat	Japan	162 354
Tyske stat	Tyskland	96 349
Franske stat	Frankrike	63 168
Britiske stat	Storbritannia	61 891
Meksikanske stat	Mexico	55 882
Koreanske stat	Sør-Korea	46 549
Italienske stat	Italia	42 157
Spanske stat	Spania	41 514
Kreditanstalt für Wiederaufbau	Tyskland	31 572

Japanske statsobligasjonar, som utgjorde 6,4 prosent av renteinvesteringane, fekk ei avkastning på -1,3 prosent. I lokal valuta var avkastninga 0,1 prosent. Den japanske sentralbanken heldt 10-årsrenta stabilt rundt null prosent som ein del av pengepolitikken sin.


Fondet er også investert i obligasjonar frå statsrelaterte institusjonar som Kreditanstalt für Wiederaufbau (KfW), European Investment Bank (EIB) og Canada Housing Trust (Canhou). Statsrelaterte obligasjonar hadde ei avkastning på 1,3 prosent og utgjorde 12,7 prosent av renteinvesteringane.

Selskapsobligasjonane fekk ei avkastning på 0,9 prosent og utgjorde 25,1 prosent av renteinvesteringane til fondet ved utgangen av kvartalet. Samla sett var det små endringar i kredittpremien i løpet av kvartalet.

Dei pantsikra obligasjonane i fondet, som hovudsakleg bestod av obligasjonar med fortrinnsrett denominert i euro, utgjorde 5,4 prosent av renteinvesteringane til fondet og fekk ei avkastning på 1,9 prosent.


Realrenteobligasjonar fekk ei avkastning på 0,3 prosent og utgjorde 5,1 prosent av renteinvesteringane til fondet.

Figur 3 Kursutviklinga for obligasjonar som er utferda i ulike valutaer. Målt i lokal valuta. Indeksert totalavkastning 31.12.2016 = 100




Kjelde: Bloomberg Barclays Indices

Figur 4 Utviklinga i rentene på tiårige statsobligasjonar. Prosent



Kjelde: Bloomberg

Figur 5 Kursutviklinga for ulike typar obligasjonar. Målt i amerikanske dollar. Indeksert totalavkastning 31.12.2016 = 100



Kjelde: Bloomberg Barclays Indices

Endringar i beholdninga av rentepapir

Marknadsverdien av investeringane i rentepapir i framvekslande land sine valutaer utgjorde 11,4 prosent av investeringane, mot 12,3 prosent i førre kvartal.

Investeringar i dollar, euro, pund og yen utgjorde 80,1 prosent av renteinvesteringane ved utgangen av tredje kvartal, mot 79,6 prosent ved inngangen til kvartalet.

I løpet av tredje kvartal auka marknadsverdien mest i fondet sine statsobligasjonar utferda av Finland, Frankrike og Canada. Statsobligasjonar utferda av USA, Tyskland og Austerrike hadde størst reduksjon i marknadsverdi.

Tabell 5 Fondets obligasjonar per 30. september 2017 fordelt etter kredittvurdering. Prosent av beholdninga

	AAA	AA	A	BBB	Lågre vurdering	Totalt
Statsobligasjonar	25,6	8,2	11,0	6,9	1,6	53,2
Statsrelaterte obligasjonar	5,6	4,6	1,6	0,4	0,1	12,3
Realrenteobligasjonar	4,2	0,3	0,1	0,3	0,1	5,0
Selskapsobligasjonar	0,2	2,4	8,6	12,8	0,4	24,3
Pantelik obligasjonar	4,5	0,6	0,1	0,1	0,0	5,2
Sum obligasjonar	40,0	16,0	21,4	20,5	2,1	100,0

EIGEDOMSINVESTERINGANE

Fondet sine investeringar i unotert eigedom utgjorde 2,5 prosent av fondet ved utgangen av tredje kvartal. Investeringane i unotert eigedom fekk i kvartalet ei avkastning på 2,7 prosent.

Avkastninga på dei unoterte eigedomsinvesteringane til fondet blir påverka av leigeinntekter, driftskostnader, verdiendringar på eigedom og gjeld, endringar i valutakursar og transaksjonskostnader for kjøp og sal av eigedom. Jamlege leigeinntekter med fråtrekk av driftskostnader bidrog positivt til resultatet med 1,0 prosentpoeng målt i lokal valuta. Verdiendring på eigedom og gjeld bidrog positivt til resultatet med 1,5 prosentpoeng målt i lokal valuta. Valutaendringar hadde ein positiv påverknad på avkastninga med 0,3 prosentpoeng i tredje kvartal. Transaksjonskostnader for kjøp av eigedom hadde ein negativ påverknad på avkastninga med -0,1 prosentpoeng.

Mandatet for forvaltninga vart frå 1. januar 2017 endra. Eigedomsinvesteringane til fondet er ikkje lenger ein del av den strategiske referanseindeksen. Referanseindeksen består berre av aksjar og obligasjonar. Fondet kan framleis investerast i eigedom, men det er overlata til Noregs Bank å bestemme nivået og samansetjinga av eigedomsinvesteringane innanfor overordna rammer i mandatet. Endringane i mandatet for forvaltninga av fondet sikrar ei heilskapleg tilnærming til eit forvaltningsoppdrag som inkluderer både noterte og unoterte investeringar.

I den operative forvaltninga er unoterte og noterte eigedomsinvesteringar forvalta som ein samla strategi for eigedom. Investeringane i notert eigedom fekk ei avkastning på 1,1 prosent.

Tabell 6 Avkastninga på fondets eigedomsinvesteringar i tredje kvartal 2017

	Avkastning
Leigeinntekter (prosentpoeng)	1,0
Verdiendringar (prosentpoeng)	1,5
Transaksjonskostnader (prosentpoeng)	-0,1
Resultat av valutajusteringar (prosentpoeng)	0,3
Unoterte eigedomsinvesteringar (prosent)	2,7
Børsnoterte eigedomsinvesteringar (prosent)	1,1
Aggregerte eigedomsinvesteringar (prosent)	2,3

Tabell 7 Verdien av eigedomsinvesteringane per 30. september 2017. Millionar kroner

	Verdi ¹
Unoterte eigedomsinvesteringar	199 343
Børsnoterte eigedomsinvesteringar	58 114
Aggregerte eigedomsinvesteringar	257 457

¹ Inkludert bankinnskott og andre fordringar

Nye kjøp og sal av unotert eiendom

Fondet kjøpte ein ny eiendom i 900 16th Street i Washington, D.C., gjennom eit nytt partnerskap med Oxford Properties Group. Investeringa blei annonsert i juli. Fondet betalte 74,0 millionar dollar, tilsvarande 624,7 millionar kroner, for sin part på 49 prosent. Fondet kjøpte i juli også ein eiendom i 1101 New York Avenue NW i Washington, D.C. Også denne transaksjonen vart gjort i samarbeid med Oxford Properties Group. Fondet betalte 190,8 millionar dollar, tilsvarande 1,6 milliardar kroner, for sin part på 49 prosent.

I midten av juli kjøpte fondet 100 prosent av ein kontoreiendom på hjørnet av Axel-Springer-Str. og Zimmerstr. i Berlin. Fondet avtalte å betale 425 millionar euro, tilsvarande 4,0 milliardar kroner, for bygget når det er ferdigstilt. Bygget er planlagt ferdigstilt i desember 2019.

I slutten av juli signerte fondet ein avtale om å kjøpe 100 prosent av eiendomen 6-8 Boulevard Haussmann i sentrum av Paris. Fondet avtalte å betale 462,2 millionar euro, tilsvarande 4,3 milliardar kroner, for eiendomen.

I august kjøpte fondet ein part på 48 prosent i 375 Hudson Street i New York, i samarbeid med Trinity Church Wall Street og Hines. Fondet betalte 223 millionar dollar, tilsvarande rundt 1,8 milliardar kroner, for sin part. Eiendomen ligg mellom King Street og West Houston Street. Dette er same område som porteføljen på elleve eigedomar ligg, som partnerskapet har eigd sidan desember 2015.

I september kjøpte fondet ytterlegare 25 prosent i 20 Air Street i sentrum av London. Dette gav fondet ein samla eigardel på 50 prosent i eiendomen, som er eigd i samarbeid med The Crown Estate. Fondet betalte 112,5 millionar pund, tilsvarande 1,1 milliardar kroner.

Forvaltninga

FORVALTNINGA

Vi søker å utnytte fondets langsiktige perspektiv og vesentlege storleik for å skape høg avkastning og sikre verdier for framtidige generasjonar.


Mandatet for forvaltninga, fastsett av Finansdepartementet, er endra frå og med 1. januar 2017. Avkastninga på investeringane til fondet, inkludert eigedomsinvesteringane, blir samanlikna med avkastninga på referanseindeksen for fondet samansett av globale indeksar for aksjar og obligasjonar. Referanseindeksen frå Finansdepartementet består av ein delindeks for aksjar og ein delindeks for obligasjonar. For aksjar tek indeksen utgangspunkt i den globale All Cap-indeksen frå FTSE Group. For renter er indeksar frå Bloomberg Barclays Indices utgangspunktet. Referanseindeksen fungerer som ei overordna ramme for marknads- og valutarisiko i forvaltninga.

I modellen er det opp til Noregs Bank å bestemme kor mykje som skal investerast i eigedom og kva typar eigedom fondet skal investerast i. Kjøp av eigedom blir finansiert med sal av aksjar og obligasjonar. Dette vil seie at delen av fondet som er investert i aksjar og obligasjonar, vil avvike frå tilsvarande delar i referanseindeksen. I den operative forvaltninga er dessutan unoterte og noterte eigedomsinvesteringar forvalta som ein samla strategi for eigedom.


I tredje kvartal var den samla avkastninga i fondet 0,1 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseindeksen. Dette var eit resultat av positiv relativ avkastning for renteinvesteringane og resultateffekten mellom aktivaklassane.

Avkastninga på aksjeinvesteringane til fondet var i tredje kvartal på linje med avkastninga til referanseindeksen for aksjar og gav eit bidrag til

Figur 6 Kvartalsvis avkastning og akkumulert annualisert avkastning på fondet. Prosent



Figur 7 Kvartalsvis relativ avkastning og akkumulert annualisert relativ avkastning på fondet. Beregna på aggregerte aksje- og renteinvesteringar fram til og med 2016. Prosentpoeng



Tabell 8 Bidrag frå aktivklasser til fondets relative avkastning i tredje kvartal 2017. Prosentpoeng

	Totalt	Bidrag frå ekstern forvaltning
Aksjeinvesteringar	0,01	0,03
Renteinvesteringar	0,05	
Unoterte eigedomsinvesteringar	-0,01	
Allokering mellom aktivklassene	0,05	
Totalt	0,10	0,03

den relative avkastninga i fondet på 0,01 prosentpoeng. Aksjar innanfor sektorane industri og konsumvarer bidrog mest positivt til den relative avkastninga i kvartalet, mens olje og gass-sektoren bidrog mest negativt. Investeringane i børsnotert eigedom hadde ei svak avkastning og bidrog negativt til den relative avkastninga for aksjeporteføljen. Fordelt på land var det aksjeinvesteringar i Japan og Kina som bidrog mest til det positive relative resultatet, mens spanske aksjar bidrog mest negativt.

Renteinvesteringane til fondet hadde avkastning som var 0,1 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseindeksen for obligasjonar. Bidraget til fondets relative avkastning var 0,05 prosentpoeng. Renteinvesteringane til fondet hadde høgare vekt i framveksande marknader enn referanseindeksen for fondet, og dermed ei lågare vekt i utvikla marknader. Dette gav eit positivt bidrag frå dei jamlege renteinntektene. Svakare valutakurs i ein del framveksande land bidrog negativt til den relative avkastninga i kvartalet.

Unotert eigedom fekk ei lågare avkastning enn referanseindeksen til fondet. Dette bidrog med

-0,01 prosentpoeng til den relative avkastninga på fondet i tredje kvartal. Målt mot dei faktiske aksjane og obligasjonane som vi har selt for å finansiere eigedomane, fekk likevel unotert eigedom eit positivt resultat.

Det relative resultatet blir også påverka av ein resultateffekt mellom aktivklassane. I tredje kvartal bidrog den samla resultateffekten mellom aktivklassane positivt med 0,05 prosentpoeng.

RISIKO

Samansetjinga av investeringane og svingingar i aksjekursar, valutakursar, rentenivå, eigedomsverdiar og kredittrisikopåslag bestemmer marknadsrisikoen for fondet. Det finst ingen enkeltmål eller analyse som fullt ut kan beskrive marknadsrisikoen for fondet. Vi bruker derfor ulike måltal og risikoanalyser, som forventa volatilitet, faktoreksponering, konsentrasjonsanalyse og likviditetsrisiko, for å få eit breiast mogleg bilete av marknadsrisikoen for fondet.

Forventa absolutt volatilitet for fondet, berekna ved det statistiske målet standardavvik, bruker tre års prishistorikk for å anslå kor mykje den årlege avkastninga på investeringane til fondet normalt kan forventast å svinge. Ved utgangen av tredje kvartal var den forventa absolute volatiliteten i fondet på 11,1 prosent, eller om lag 890 milliardar kroner, mot 11,0 prosent ved inngangen til kvartalet. Auken kom hovudsakleg av høgare vekt av aksjar i porteføljen.

Vi investerer i eigedom for å skape ein betre diversifisert portefølje. Vi forventar at eigedomsinvesteringane ikkje vil ha same avkastningsprofil som aksjar eller obligasjonar, på både kort og lengre sikt. Den relative risikoen dette inneber, vil gje utslag i berekningane av

forventa relativ volatilitet i forvaltninga. Sidan det ikkje finst daglege prisar for eigdomsinvesteringane våre, bruker vi ein modell levert av MSCI for å berekne risikoen for dei unoterte eigdomsinvesteringane fondet har.

Finansdepartementet og hovudstyret i Noregs Bank har fastsett grenser for kor store avvik frå referanseindeksen fondet kan ha. Ei av grensene er forventa relativ volatilitet, som legg ei avgrensing på kor mykje avkastninga på investeringane kan forventast å avvike frå avkastninga på referanseindeksen for fondet.


Tabell 9 Risiko og eksponering for fondet

Grenser fastsette av Finansdepartementet		30.09.2017
Allokering	Aksjeporteføljen 50–80 prosent av fondet ¹	65,6
	Obligasjonsporteføljen 20–50 prosent av fondet ¹	32,6
	Unotert eigedom inntil 7 prosent av fondet	2,5
Marknadsrisiko	1,25 prosentpoeng forventa relativ volatilitet for fondets investeringar	0,3
Kredittrisiko	Inntil 5 prosent av renteinvesteringane kan ha lågare kredittvurdering enn kategori BBB-	2,1
Eigardel	Maksimalt 10 prosent av aksjar det er stemmerett for i eit børsnotert selskap i aksjeporteføljen ²	9,6


¹ Derivat er avbilda med den underliggjande økonomiske eksponeringa.

² Eigarskap i noterte og unoterte eigedomsselskap er unntatt frå dette.

Figur 8 Forventa absolutt volatilitet for fondet. Prosent (venstre akse) og milliardar kroner (høgre akse)



Figur 9 Forventa relativ volatilitet for fondet. Basispunkt



Mandatet fastsett av Finansdepartementet vart endra frå 1. januar 2017. Alle fondsinvesteringane, også unoterte eigedomsinvesteringar, er no inkluderte i berekninga av forventa relativ volatilitet, og blir målt mot referanseindeksen for fondet som består av globale aksje- og obligasjonsindeksar. Grensa for forventa relativ volatilitet for fondet, inkludert unotert eigedom, er på 1,25 prosentpoeng. Ved utgangen av kvartalet var den forventa relative volatiliteten i fondet, inkludert unotert eigedom, 0,33 prosentpoeng.

Hovudstyret i Noregs Bank har sett ei grense for forventa ekstremavviksrisiko mellom avkastninga på fondet og tilhøyrande referanseindeks. Forvaltninga skal leggjast opp slik at forventa negativ relativ avkastning i ekstreme situasjonar ikkje skal overstige 3,75 prosentpoeng. Med verknad frå 1. januar 2017 er investeringar i unotert eigedom også inkludert i berekninga av forventa ekstremavviksrisiko for fondet. Ved utgangen av tredje kvartal var ekstremavviksrisikoen 1,48 prosentpoeng.

Operasjonell risikostyring

Hovudstyret i Noregs Bank fastset rammene for operasjonell risikostyring og internkontroll i Norges Bank Investment Management. Hovudstyret har bestemt at det i løpet av ein tolv månaders periode skal vere mindre enn 20 prosent sannsyn for at operasjonelle risikofaktorar vil føre til ein finansiell effekt på 750 millionar kroner eller meir. Denne grensa blir omtalt som styret sin risikotoleranse.

Vi anslår kvart kvartal kor store tap eller vinstar vi vil kunne få på eitt års sikt som følgje av uønskete operasjonelle hendingar i og rundt

forvaltninga. Anslaget baserer seg på hendingar som har skjedd, og vurdering av framtidig risiko. Anslaget representerer den berekna operasjonelle risikoeksponeringa til fondet. I tredje kvartal var den estimerte operasjonelle risikoeksponeringa innanfor risikotoleransen til styret. I kvartalet vart det registrert 90 uønskete operasjonelle hendingar. Samla sett gav hendingane ein estimert finansiell effekt på 3,6 millionar kroner.

Finansdepartementet har sett reglar for fondsforvaltninga. Departementet skal orienterast ved vesentlege brot på spesifiserte rammer. Det vart ikkje avdekt nokon slike brot i løpet av kvartalet. Vi fekk i same periode heller ikkje noko varsel om vesentlege brot på marknadsreguleringar eller anna generell lovgjeving frå lokale tilsynsmyndigheiter.

ANSVARLEG FORVALTNING

Ansvarleg forvaltningsverksemd er ein integrert del av forvaltninga. Arbeidet er organisert innanfor områda standardsetjing, eigarskap og risikohandtering.

Standardsetjing

Vi deltok i to høyringar frå FN sine prinsipp for ansvarleg forvaltningsverksemd (PRI). I den eine gav vi innspela våre til PRI sitt forslag om å integrere tilrådingar om klimarapportering frå FSBs Task Force on Climate-related Financial Disclosures i den årlege medlemsrapporteringa til PRI. I den andre høyringa uttrykte vi støtte til PRIs mål om å styrkje grunnleggjande forpliktingar og forventningar om implementering av prinsippa for dei som har slutta seg til desse.

Vi deltok også i ei høyring om aksjar utan stemmerett organisert av indeksleverandøren MSCI, der vi tok til orde for å bruke stemmerett som eit kriterium for å inkludere selskap i indeksane. Vi har tidlegare delteke i to separate høyringar organisert av indeksleverandørane S&P Dow Jones Indices og FTSE Russell om same problemstilling.

Vi svarte på eit forslag frå Hong Kong Exchanges and Clearing Limited om å opprette ei ny noteringsliste for aksjar på Hong Kong-børsen. Den nye lista ville blant anna opne for aksjeklassar med ulike stemmerettar. Børsen spelar ei viktig rolle som regulator i aksjemarknaden, og det er viktig at han sørgjer for likebehandling av aksjonærar. Vi er derfor motstandarar av forslaget om vekta stemmerett som vil føre til forskjellsbehandling av aksjonærar.

Som eit ledd i arbeidet med å få betre informasjon om berekraftrelaterte forhold, skreiv vi årets andre høyringssvar til CDP i samband med det pågåande prosjektet deira for å oppdatere spørreskjema til selskap om klima, vatn og avskoging. Vi deltok også i Natural Capital Coalition sin konsultasjon om utviklinga av eit rammeverk for korleis investorar kan hente inn betre informasjon om selskap og naturkapital. Naturkapital er ei samlenemning for tenester og ressursar frå naturen som samfunnet og økonomien dreg nytte av.

I tillegg skreiv vi eit brev til EUs ekspertgruppe for finans og berekraft. I brevet framheva vi vår interesse av marknadsløysingar som stør opp om ei berekraftig utvikling. Vi understreka kor viktig det er at næringslivet forbetrar rapporteringa om berekraft.

Eigarskap

Vi stemte ved 1 277 generalforsamlingar i tredje kvartal. Dette inneber at vi samla vurderte og stemte på 10 462 forslag.

I kvartalet offentleggjorde vi intensjonane våre om å stø samanslåinga av Praxair og Linde. Vi meiner at selskapsamanslåinga er til fordel for dei langsiktige interessene til aksjonærane i begge selskap.

Som finansiell investor forventar Norges Bank Investment Management at multinasjonale selskap har ein føremålstenleg, vel gjennomtenkt og open skattepraksis. I kvartalet sende vi brev med vårt nye forventningsdokument om skatt og openheit til dei 500 største selskapa i porteføljen.

Observasjon og utelukking

Norges Bank Investment Management har ansvaret for å gje råd om det produktbaserte kolkriteriet. Noregs Bank har sett 13 selskap til observasjon på bakgrunn av dette kriteriet. Observasjon vart vedteke der det var tvil om vilkåra for utelukking var oppfylte, om utviklinga framover i tid eller der det av andre årsaker vart funne føremålstenleg. Vi vil ha ein årleg gjennomgang av desse selskapa og starta på dette i tredje kvartal.

Noregs Bank publiserte i kvartalet ingen nye avgjerder om utelukking, observasjon og eigarskapsutøving.

Hovudtal

Tabell 10 Kvartalsvis avkastning. Prosent

	3. kv. 2017	2. kv. 2017	1. kv. 2017	4. kv. 2016	3. kv. 2016	Hittil i år 30.09.2017
Avkastning målt i fondets valutakorg						
Avkastning på aksjeinvesteringane	4,31	3,37	5,53	4,91	6,03	13,79
Avkastning på renteinvesteringane	0,85	1,12	0,77	-2,35	0,89	2,77
Avkastning på eigedomsinvesteringane ¹	2,68	2,05	0,62	1,25	2,29	5,44
Avkastning på fondet	3,15	2,60	3,78	2,17	4,00	9,83
Relativ avkastning på fondet (prosentpoeng)²						
Forvaltningskostnader	0,01	0,02	0,02	0,01	0,01	0,04
Avkastning på fondet etter forvaltningskostnader	3,14	2,59	3,76	2,15	3,98	9,79
Avkastning målt i norske kroner						
Avkastning på aksjeinvesteringane	0,40	2,92	6,85	8,74	1,54	10,41
Avkastning på renteinvesteringane	-2,93	0,68	2,03	1,21	-3,39	-0,29
Avkastning på eigedomsinvesteringane ¹	-1,16	1,61	1,88	4,95	-2,04	2,31
Avkastning på fondet	-0,71	2,15	5,08	5,90	-0,41	6,57

¹ Frå og med 2017 inkluderer avkastninga på eigedomsinvesteringane kun unoterte eigedomsinvesteringar.

² Den relative avkastninga på fondet inkluderer eigedomsinvesteringar frå og med 01.01.2017. Relativ avkastning på fondet for 2017 er berekna på dei aggregerte aksje- og renteinvesteringane.

Tabell 11 Akkumulert avkastning sidan første tilførsel i 1996. Milliardar kroner

	3. kv. 2017	2. kv. 2017	1. kv. 2017	4. kv. 2016	3. kv. 2016
Avkastning på aksjeinvesteringane	2 747	2 576	2 404	2 129	1 866
Avkastning på renteinvesteringane	1 019	1 001	975	955	1 022
Avkastning på eigedomsinvesteringane ¹	49	44	41	38	37
Avkastning på fondet	3 814	3 622	3 420	3 123	2 925

¹ Frå og med 2017 inkluderer avkastning på eigedomsinvesteringane kun unoterte eigedomsinvesteringar.

Tabell 12 Historiske nøkkeltal per 30. september 2017. Annualiserte tal målt i fondets valutakorg

	Sidan 01.01.1998	Siste 10 år	Siste 5 år	Siste 3 år	Siste 12 mån- ader
Avkastning på fondet (prosent)	5,98	5,73	9,23	7,29	12,21
Relativ avkastning på fondet (prosentpoeng) ¹	0,27	0,08	0,29	0,34	0,81
Årleg prisvekst (prosent)	1,76	1,73	1,21	1,02	1,68
Årlege forvaltningskostnader (prosent)	0,09	0,08	0,06	0,06	0,06
Netto realavkastning på fondet (prosent)	4,06	3,85	7,86	6,15	10,30
Faktisk standardavvik for fondet (prosent)	7,36	9,05	5,90	6,25	2,68
Faktisk relativ volatilitet for fondet (prosentpoeng) ¹	0,70	0,90	0,37	0,33	0,29
Informasjonsrate (IR) ^{1,2} for fondet	0,41	0,15	0,72	0,97	2,49

¹ Beregna på aggregerte aksje- og renteinvesteringar fram til og med 2016.

² IR er forholdstalet mellom den gjennomsnittlege månedlege relative avkastninga på fondet og den faktiske relative volatiliteten i fondet. IR viser den relative avkastninga per relative risikoeining.

Tabell 13 Nøkkeltal. Milliardar kroner

	3. kv. 2017	2. kv. 2017	1. kv. 2017	4. kv. 2016	3. kv. 2016
Marknadsverdi					
Marknadsverdien til aksjeinvesteringane	5 242	5 225	5 082	4 692	4 317
Marknadsverdien til renteinvesteringane	2 511	2 597	2 592	2 577	2 584
Marknadsverdien til eigedomsinvesteringane ¹	199	199	194	242	218
Marknadsverdien til fondet ²	7 952	8 020	7 867	7 510	7 118
Påkomen, ikkje betalt, forvaltningsgodtgjersle ²	-3	-2	-1	-4	-3
Eigars kapital ²	7 949	8 018	7 866	7 507	7 116
Tilførsel/uttak av kapital ³	-10	-16	-20	-27	-30
Utbetalt forvaltningsgodtgjersle ³	0	0	-4	0	0
Avkastning på fondet	192	202	297	198	240
Endring som følge av svingingar i kronekursen	-250	-32	83	221	-269
Endring i marknadsverdien	-68	153	357	392	-58
Verdiutvikling f.o.m. første tilførsel i 1996					
Samla tilførsel av kapital ⁴	3 351	3 360	3 375	3 397	3 423
Samla avkastning	3 814	3 622	3 420	3 123	2 925
Samla forvaltningsgodtgjersle ⁵	-38	-37	-36	-35	-34
Endring som følge av svingingar i kronekursen	826	1 076	1 108	1 025	804
Marknadsverdien til fondet	7 952	8 020	7 867	7 510	7 118
Samla avkastning etter forvaltningskostnader	3 776	3 585	3 384	3 088	2 891

¹ Inkluderer kun unoterte eigedomsinvesteringar frå og med 2017.

² Marknadsverdien til fondet er presentert i tabellen før påkomen forvaltningsgodtgjersle. Eigars kapital i rekneskapen er lik marknadsverdien til fondet fråtrekt påkomen, ikkje betalt, forvaltningsgodtgjersle.

³ Utbetalt forvaltningsgodtgjersle er spesifisert på eiga linje, og ikkje inkludert under Tilførsel/uttak av kapital.

⁴ Samla tilførsel av kapital er presentert i tabellen justert for påkomen, ikkje betalt, forvaltningsgodtgjersle.

⁵ Forvaltningskostnader i dotterselskap, jf. Tabell 9.2 i rekneskapen, er ikkje ein del av forvaltningsgodtgjersla. Desse er alt trekte frå i samla avkastning, dvs. i avkastning før forvaltningsgodtgjersle.

Regnskaps- rapportering

Regnskap

Resultatregnskap _____	23
Balanse _____	24
Kontantstrømoppstilling _____	25
Oppstilling av endringer i eiers kapital _____	26

Noter

Note 1	Generell informasjon _____	27
Note 2	Regnskapsprinsipper _____	28
Note 3	Avkastning per aktivaklasse _____	29
Note 4	Inntekt/kostnad fra Aksjer og andeler, Obligasjoner og Finansielle derivater _____	30
Note 5	Beholdninger av Aksjer og andeler, Obligasjoner og Finansielle derivater _____	31
Note 6	Unotert eiendom _____	32
Note 7	Måling til virkelig verdi _____	35
Note 8	Risiko _____	40
Note 9	Forvaltningskostnader _____	46

Revisor

Revisors uttalelse _____	49
--------------------------	----



Resultatregnskap

Beløp i millioner kroner	Note	3. kvartal 2017	3. kvartal 2016	Hittil i år 30.09.2017	Hittil i år 30.09.2016	2016
Resultat fra porteføljen før gevinst/tap valuta						
Inntekt/kostnad fra:						
- Aksjer og andeler	4	170 560	218 761	618 424	81 661	342 813
- Obligasjoner	4	17 613	18 201	63 884	169 993	100 250
- Unotert eiendom	6	4 604	4 047	10 104	4 827	6 942
- Finansielle derivater	4	-112	-728	571	-7 208	-3 213
- Utlån med sikkerhetsstillelse		850	891	2 666	2 982	4 013
- Innlån med sikkerhetsstillelse		-146	82	-156	20	23
Skattekostnad		-948	-1 188	-4 236	-3 582	-4 061
Renteinntekter/kostnader		-8	-16	-20	-50	-54
Andre kostnader		-	-8	-7	-35	-40
Porteføljeresultat før gevinst/tap valuta		192 411	240 042	691 230	248 608	446 673
Gevinst/tap valuta		-249 903	-268 839	-199 256	-527 072	-306 099
Porteføljeresultat		-57 491	-28 797	491 974	-278 464	140 574
Forvaltningsgodtgjøring	9	-1 008	-1 096	-3 461	-2 906	-3 731
Periodens resultat og totalresultat		-58 500	-29 893	488 512	-281 370	136 843

Balanse

Beløp i millioner kroner	Note	30.09.2017	31.12.2016
EIENDELER			
Innskudd i banker		12 413	17 759
Utlån med sikkerhetsstillelse		179 489	134 338
Avgitt kontantsikkerhet		1 386	2 320
Uoppgjorte handler		44 505	13 196
Aksjer og andeler	5	4 767 259	4 373 042
Utlånte aksjer	5	457 077	340 865
Obligasjoner	5	2 217 903	2 220 286
Utlånte obligasjoner	5	371 894	454 735
Unotert eiendom	6	198 341	188 469
Finansielle derivater	5	7 426	9 366
Andre eiendeler		3 420	1 966
SUM EIENDELER		8 261 112	7 756 342
GJELD OG EIERS KAPITAL			
Gjeld			
Innlån med sikkerhetsstillelse		235 968	213 520
Mottatt kontantsikkerhet		3 996	3 688
Uoppgjorte handler		65 809	22 195
Finansielle derivater	5	2 893	4 501
Annen gjeld		111	1 944
Skyldig forvaltningsgodtgjøring	9	3 461	3 731
Sum gjeld		312 237	249 579
Eiers kapital		7 948 875	7 506 763
SUM GJELD OG EIERS KAPITAL		8 261 112	7 756 342

Kontantstrømoppstilling

Beløp i millioner kroner, innbetaling (+) / utbetaling (-)	Hittil i år 30.09.2017	Hittil i år 30.09.2016	2016
Operasjonelle aktiviteter			
Innbetaling av utbytte fra aksjer og andeler	104 764	98 182	118 517
Innbetaling av renter fra obligasjoner	55 262	56 582	74 832
Innbetaling av renter og utbytte fra datterselskaper unotert eiendom	2 679	2 652	3 657
Netto innbetaling av renter og honorar fra utlån og innlån med sikkerhetsstillelse	2 295	3 078	4 097
<i>Innbetalinger av renter, utbytte og honorar fra beholdninger i aksjer og andeler, obligasjoner og unotert eiendom</i>	<i>165 000</i>	<i>160 494</i>	<i>201 103</i>
Netto kontantstrøm ved kjøp og salg av aksjer og andeler	-119 588	-57 934	-72 588
Netto kontantstrøm ved kjøp og salg av obligasjoner	18 956	-16 524	-38 151
Netto kontantstrøm til/fra investeringer i datterselskaper unotert eiendom	-8 058	-4 880	-17 269
Netto kontantstrøm finansielle derivater	-3 126	-3 618	84
Netto kontantstrøm kontantsikkerhet ved derivattransaksjoner	1 107	-5 770	983
Netto kontantstrøm utlån og innlån med sikkerhetsstillelse	-1 132	20 502	50 236
Netto utbetaling av skatt	-6 173	-3 608	-3 116
Netto kontantstrøm knyttet til renter på innskudd i banker og kassekreditt	-85	-45	-
Netto kontantstrøm knyttet til andre kostnader, andre eiendeler og annen gjeld	-1 068	-316	-430
Utbetaling forvaltningsgodtgjøring til Norges Bank ¹	-3 731	-3 933	-3 933
Netto innbetaling/utbetaling fra operasjonelle aktiviteter	42 102	84 368	116 919
Finansieringsaktiviteter			
Tilførsel fra den norske stat ²	-	-	-
Uttak fra den norske stat ²	-46 740	-74 052	-100 616
Netto innbetaling/utbetaling fra finansieringsaktiviteter	-46 740	-74 052	-100 616
Netto endring i kontanter			
Innskudd i banker per 1. januar	17 759	2 543	2 543
Netto økning/reduksjon av kontanter i perioden	-4 638	10 316	16 303
Netto gevinst/tap valuta på kontanter	-709	-510	-1 087
Innskudd i banker per periodens slutt	12 413	12 349	17 759

¹ Forvaltningsgodtgjøring som fremkommer i *Kontantstrømoppstillingen* for en periode er oppgjør av godtgjøring påløpt og resultatført i forrige år.

² *Tilførsel/uttak* inkluderer her kun de overføringer som er gjort opp i perioden (kontantprinsippet). *Tilførsel/uttak i Oppstilling av endringer i eiers kapital* er basert på opptjent tilførsel/uttak.

Oppstilling av endringer i eiers kapital

Beløp i millioner kroner	Tilført fra eier	Opptjente resultater	Sum eiers kapital ¹
1. januar 2016	3 494 640	3 976 580	7 471 220
Totalresultat	-	-281 370	-281 370
Netto tilførsel/uttak i perioden ¹	-74 300	-	-74 300
30. september 2016	3 420 340	3 695 210	7 115 550
1. oktober 2016	3 420 340	3 695 210	7 115 550
Totalresultat	-	418 213	418 213
Netto tilførsel/uttak i perioden	-27 000	-	-27 000
31. desember 2016	3 393 340	4 113 423	7 506 763
1. januar 2017	3 393 340	4 113 423	7 506 763
Totalresultat	-	488 512	488 512
Netto tilførsel/uttak i perioden ¹	-46 400	-	-46 400
30. september 2017	3 346 940	4 601 935	7 948 875

¹ I de tre første kvartalene av 2017 ble 50,1 milliarder kroner trukket fra kronekontoen. Av dette ble 3,7 milliarder kroner benyttet til å betale skyldig forvaltningsgodtgjøring for 2016. I de tre første kvartalene av 2016 ble 78,2 milliarder kroner trukket fra kronekontoen. Av dette ble 3,9 milliarder kroner benyttet til å betale skyldig forvaltningsgodtgjøring for 2015.

Norges Banks hovedstyre
Oslo, 25. oktober 2017



Øystein Olsen
Leder



Jon Nicolaisen

Første nestleder



Egil Matsen

Andre nestleder



Hilde Myrberg



Karen Helene Ulltveit-Moe

Karen Helene Ulltveit-Moe



Kjetil Storesletten

Kjetil Storesletten



Kathryn M. Baker

Kathryn M. Baker



Steinar Juel

Steinar Juel

Noter til regnskapsrapportering

Note 1 Generell Informasjon

1. INNLEDNING

Norges Bank er sentralbanken i Norge. Banken forvalter landets valutareserver og Statens pensjonsfond utland (SPU).

SPU skal støtte statlig sparing for finansiering av fremtidige utgifter og underbygge langsiktige hensyn ved bruk av Norges petroleumsinntekter. Stortinget har fastsatt rammene i lov om Statens pensjonsfond, og Finansdepartementet har det formelle ansvaret for fondets forvaltning. SPU forvaltes av Norges Bank på vegne av Finansdepartementet i henhold til lov om Statens pensjonsfond § 2 annet ledd og mandat for forvaltning av Statens pensjonsfond utland fastsatt av Finansdepartementet. Hovedstyret i Norges Bank har delegert gjennomføringen av forvaltningsoppdraget til Norges Bank Investment Management (NBIM).

Finansdepartementet har plassert fondsmidlene til forvaltning i SPU som et

kroneinnskudd på en særskilt konto i Norges Bank (*kronekontoen*). Banken skal i eget navn videreplassere kronekontoen i en investeringsportefølje bestående av aksjer, rentepapirer og fast eiendom. SPU er i sin helhet investert utenfor Norge.

I henhold til mandat for forvaltningen foretas overføringer til og fra kronekontoen. Når Statens petroleumsinntekter overstiger Statens oljepengebruk over statsbudsjettet vil det gjøres innskudd på kronekontoen. I motsatte tilfeller vil det gjøres uttak. Overføringer til og fra kronekontoen medfører en tilsvarende endring i *Eiers kapital*.

2. GODKJENNING AV KVARTALSREGNSKAPET

Kvartalsregnskapet til Norges Bank for tredje kvartal 2017, som kun omfatter regnskapsrapporteringen for SPU, ble godkjent av hovedstyret 25. oktober 2017.

Note 2 Regnskapsprinsipper

1. GRUNNLAG FOR UTARBEIDELSE AV KVARTALSREGNSKAPET

Forskrift om årsregnskap m.m. for Norges Bank, som er fastsatt av Finansdepartementet, angir at Norges Banks regnskap skal omfatte regnskapsrapportering for SPU og at det skal utarbeides i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) som fastsatt av EU.

